

Høyringsinstansar

Deres ref.:

Vår ref.:
/5185059

Dato:
2019-01-11

Varsel om oppstart av planarbeid. Tonesmarka, gnr 22, bnr 4 m.fl : Meland kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslast med dette om igangsetting av detaljreguleringsplan for Tonesmarka, gnr 22, bnr 4 m.fl. i Meland kommune

Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar er nokre av grunneigarane i området: Magnar og Astrid Askeland (bnr 4), Bygghuset Utvikling AS v/ Thomas Kvalheim (bnr 82) og Bjørn Frode Flataker (bnr 150 og bnr 68). Norconsult AS er konsulent for planarbeidet.

Planområdet

Planområdet ligg på Tonesmarka i sørrenden av Mjåtveitmarka på Mjåtveit. Plangrensa er vist på vedlagte kart. Planen omfattar dei sørøstre delane av området B8 i kommuneplanen. I tillegg er 5 utbygde, og allereie regulerte, einebustader tatt med i planavgrensinga for å få ei naturleg avgrensning av planen (Desse inngår i dag i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid 125620060002).

I sør ligg plangrensa mot Toneset og sjøen, i vest mot utmark og oppstarta områdereguleringsplan Dalstø- Mjåtveitstø (med noko overlapping). I nord og aust er plangrensa i hovudsak lagt mot gjeldande reguleringsplan for Mjåtveitmarka (planid 125620060002) og allereie utbygde område i tråd med denne.

Planstatus

Kommuneplanen sin arealdel

Området er i hovudsak satt av til bustadområde i kommuneplanen sin arealdel, som del av område B8. Noko areal mot sjø er i kommuneplanen vist som grønstruktur. Kommunen har i oppstartsmøte anbefalt oppstart av planarbeidet.

Reguleringsplanar

Mindre delar av planområdet inngår i dag i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid 125620060002

Norconsult AS

Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen
Pb. 1199, NO-5811 Bergen
Tel: +47 55 37 55 00

Hovedkontor:
Vestfjordgaten 4, NO-1338 Sandvika
Pb. 626, NO-1303 Sandvika

NO 962392687 MVA
post.bergen@norconsult.no
www.norconsult.no

I vest har kommunen satt i gang ein reguleringsplanprosess for områdereguleringsplan Dalstø - Mjåtveitstø. Samkøyring mot områdereguleringsplanen er nødvendig som ein del av arbeidet, særleg knytta til tilkomst.

Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utbygging av eit godt bustadområde samt eit forsamlingslokale med tilhøyrande utandørs aktivetsområde. Det er eit mål å utvikle området rundt forsamlingslokalet til eit mangfaldig aktivetsområde med td . ballspel og annan idrett, leik, sosiale samankomstar m.v. Det vil bli lagt til rette for kyststi langs med sjøen i området i tråd med føringar i kommuneplanens arealdel.

Meland kommune har fastsett at tiltaket ikkje har eit omfang eller ein verknad som gjer at det kjem inn under dei krav som forutset konsekvensutgreiing.

Informasjon og medverknad

Merknader til planarbeidet kan sendast til Norconsult AS, Postboks 1199 Sentrum, 5811 Bergen eller e-post: mona.hermansen@norconsult.com. Merknadene vil bli sendt kommunen saman med planforslaget, for vidare handsaming.

Frist for merknader er satt til 11.02.2019.

Spørsmål kan rettast til Norconsult AS ved Mona Hermansen, tlf 45404674.

Planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på Norconsult sine nettsider:

www.norconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/.

Med venleg helsing

Norconsult AS

Mona Hermansen (sign)

Vedlegg:

- Kartskisse med planavgrensning